



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 27/2015

Møtedato: 2.9.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Lokal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag - høyring

Vestre Slidre kommune har sendt framlegg til ny kommunal forskrift for motorferdsel i utmark på høyring.

I høyringsbrevet står det presisert følgjande: *Under behandlinga i kommunestyret kom det forslag om å tillate båtmotor på vatn mindre enn 2 km². Ein ber derfor om synspunkt på dette i høyringa. Det kom og merknader om at ein må samordne motorstorleik betre i vatn som er felles med nabokommunar. Ein ber derfor også om synspunkt og kommentarar til dette.*

Bruk av motor i vatn mindre enn 2 km²:

I følgje "Lov om motorisert ferdseil i utmark" er det ikkje tillate med motorfartøy på vatn eller elvestrekning mindre enn 2 km². Motorfartøy omfattar både forbrenningsmotor og elektrisk motor. Det er ikkje er høve til gjere unntak frå ferdseilsforbodet på vatn mindre enn 2 km² med mindre det er «særlege grunner».

I rundskriv T-1/96 punkt 8.1.2 står det følgjande om høve til å gjera unntak:

Etter lovens § 5 første ledd bokstav b kan kommunestyret gi forskrift om adgang til bruk av motorfartøy på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer når det foreligger særlige grunner. I forskriften kan det inntas bestemmelser om begrensning av hastighet, motorstørrelse, m.v.

Det forutsettes at adgangen til å gjere unntak fra ferdseilsforbudet på vann mindre enn 2 kvadratkilometer bare benyttes i spesielle tilfeller, jf. uttrykket "særlige grunner". Det kan være aktuelt f.eks. for nødvendig transport til hoteller, turiststasjoner og hytter som ligger slik til at de er avhengig av båt for å komme frem til de ordinære kommunikasjonsmidler.

Etter lovens § 5 første ledd bokstav b er det et krav at de særlige grunner som foreligger, skal angis i forskriften. Det er her ikke tilstrekkelig å vise til at motorferdsel skal være tillatt for "nødvendig transport" eller "når det foreligger særlige grunner".

Det blir lagt til grunn at retten til å gjera unntak frå ferdseilsforbodet på vatn mindre enn 2 km² berre nyttast i spesielle tilfeller, jf. uttrykket "særlege grunner". I utkast til forskrift er det ikkje grunngjeve med nokon særlege grunnar. Utøving av fiske kan heller ikkje reknast som ein «særleg grunn» i denne samanheng. Ev. avgrensing av motorbruken til berre el-motor er heller ikkje ein «særleg grunn» i seg sjølv. Vedtak om å endra lokal forskrift til tillata båtmotor i vatn mindre enn 2 km² er det derfor ikkje heimel for i lovverket. Om det ev. oppstår særleg grunnar som gir behov for bruk av båtmotor kan dette likevel løysast ved enkeltdispensasjon etter §6 i loven uavhengig om dette ikkje blir spesifisert i forskrift.

Ut frå utøving av fisket kunne det vore ein fordel om ein kunne tillate bruk av motor. Om dette kunne bli eit støyproblem kunne ein avgrense det til bruk av elektrisk motor og ev. avgrense det til vatn mellom 1 og 2 km². Dette har andre fjellstyre prøvd å få godkjent, men det er avsele pga det ikkje er lovgrunnlag for det.

Generelt er det ei utfordring at reglane kring motorferdsel i utmark ikkje blir respektert. Det er derfor eit svært uheldig signal om kommunestyret vedtek reglar som ikkje er i samsvar med "Lov om motorisert ferdseil i utmark". Dette vil oppfatast som loven ikkje er viktige å ta omsyn til og føre til at respekten for loven blir redusert. Framlegg frå saksbehandlar til kommunestyresak 23/15 er i samsvar med lov.

Fjellstyret har også motteke tilbakemeldingar etter kommunestyrevedtak 23/15 om at det burde vera ei grense på 8 HK i staden for 10 HK. Bakgrunn for dette er at det for dei flest motorar er ein relativ enkel operasjon å bygge om 9,9/10 HK motor til 15 HK.

Samordning av vatn som ligg i fleire kommunar:

Det er forslege ulike prinsipp for vatn som ligg i fleire kommunar. I Strøndafjorden er det forslege at ein følgjer reglane i Nord Aurdal og for fellesvatna med Vang og Øystre Slidre kommune er det foreslege 10 HK som grense. Dette gjeld vatna N. Syndin, Heggefjorden og Øyangen. Vestre Slidre har ein liten del av desse vatna. For brukarane av vatna er det enklast om ein har same reglar i vatna. Ein bør då følgje reglane for den kommune som har størstedel av vatnet.

I rundskriv T-1/96 punkt 8.1.2 står det: *Under reguleringen av ferdseilen vil det kunne være behov for interkommunalt samarbeid bl.a. i de tilfeller ferdseilen på innsjø og vassdrag foregår over kommunegrensene. I slike tilfeller bør det tas kontakt med aktuelle kommuner for å samordne bestemmelsene.* Det er derfor eit ansvar for kommunen å samordne desse reglane så langt det er mulig.

Bruk av luftfartøy:

Det er ikkje forslege endringar.

Føresegner for bruk av motorkjøretøy på vinterføre

I framlegg frå kommunen skal sumarveg/skiløype brukast, alternativt etter snøskutertrasé. Kommunen har ei løypeplan under utarbeiding med m.a. trasé for snøskutertransport. Løypeplan er ikkje vedteken enno, men det blir vist til denne i punkt b når det gjeld skiløyper. Det bør ein også gjera når det gjeld skutertransport. Det bør derfor presiserast at som hovudregel skal transportløype i kvar tid gjeldande løypeplan følgjast og at sumarveg/skiløype berre skal brukast når transportløype ikkje kan brukast.

I framlegget som er på høyring er det stilt krav om levering av kjørebok. For oppsynsarbeidet er det ynskjeleg med meir presisering i føring av kjørebok. Kjørebok skal førast fortløpande og skal kunne framvisast ved kontroll. Kjørebok skal som minimum innehalde opplysningar om dato, kjørestrekning, oppdragsgjevar, telefonnummer til oppdragsgjevar og om mulig signatur frå oppdragsgjevar. Slik spesifisert krav til kjørebok er nødvendig for å kunne føre kontroll om kjøring er i samsvare med tildelt løyve. Oppsynsarbeid i samband med skutertrafikk er ei vanskeleg og utfordrande oppgåve. Det er derfor heilt avgjerande at det er så klare reglar som mogleg og at det er mulig å føre kontroll. Politiet har gjeve same tilbakemelding på krav til kjørebok.

Den 19 juni 2015 vart "Lov om motorisert ferdsel i utmark" og "Fjellova" endra slik at fjellstyret har rett til å forby eller redusere motorferdsel i statsallmenning. Fjellstyret vil kunne stille strengare krav enn det som går fram av lov og forskrift. Om tilråding frå fjellstyret ikkje blir teke inn i lokal forskrift, vil fjellstyret kunne vedtaka reglar om motorferdsel. Det ryddigaste er likevel om dette blir innarbeidd i lokal forskrift og det vil dessutan gjera det lettare for brukarane å orientere seg om regleverket.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at ny forskrift får følgjande ordlyd:

Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Vestre Slidre kommune.

Fastsett av Vestre Slidre kommunestyre, xx.xx.2015 med heimel i lov av 10 juni 1977 nr 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 og § 50g forskrift av 15 mai 1988 nr 365 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Verkeområde

Forskrifta utfyller ovafor nemnde lov om motorferdsel i utmark og nasjonal forskrift og regulerer ikkje føremål som er nemnt i motorferdselslova § 4 fyrste ledd og nasjonal forskrift § 2 fyrste ledd.

Føresegner for motorfartøy og luftfartøy

Bruk av motorfartøy (båtar) i medhald av motorferdselslova §4 tredje ledd.

Ferdsel på innsjø større eller lik 2 km².

- a) På Storfjorden, Midtre Syndin og Sørre Syndin er det tillate med motorstyrke på inntil 10 hk.
- b) På Slidrefjorden er det ikkje øvre grense for motorstyrke.
- c) For Strandefjorden sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Nord Aurdal kommune.
- d) For Nørre Syndin sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Vang kommune
- e) For Heggefjorden og Øyangen sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Øystre Slidre kommune

På vatn eller elvestrekning mindre enn 2 km² er ferdsel med motorfartøy ikkje tillate, sjølv om desse inngår som del av farbart vassdrag. Motorfartøy omfattar både forbrenningsmotor og elektrisk motor.

Bruk av luftfartøy:

Start og landing med luftfartøy er tillate på Storfjorden og Slidrefjorden og den del av Øyangen og Strandefjorden som ligg i Vestre Slidre.

Føresegner for bruk av motorkjøretøy på vinterføre

Generelt

Transportbehov skal primært dekkast ved leigekjøring. Løyve tildelast innanbygdsbuande som helst kombinerer slik transport som er direkte heimla i lov eller forskrift.

Løyve for leigekjøring tildelast for ei periode på 4 år, og kjøring skal skje etter nærare fastsette vilkår. Ved brot på fastsette vilkår kan løyvet inndragast.

Føresegn for kjøring i medhald av nasjonal forskrift § 3 andre ledd.

- a) Generelt skal all kjøring heimla i nasjonal forskrift § 3 skje etter transportløype for snøskuter i kvar tid gjeldande løypeplan. Når transportløype for snøskuter ikkje kan brukast, kan kjøring skje etter trasé for sumarveg eller langs skiløype. Kjøring skal om mogleg foregå på kvardag.
- b) Kjøring med heimel i nasjonal forskrift § 3 bokstav e skal foregå etter kvar tid gjeldande løypeplan for kommunen.
- c) Vintersesongen reknast fram til 1. mai. Kjøring etter den tid er forbode. Dei som er tildelt løyve for motorisert ferdsl i utmark skal levere kjørebok til kommunen innan 15. mai kvart år. Kjørebok skal førast fortløpande og skal kunne framvisast ved kontroll. Kjørebok skal som minimum innehalde opplysningar om dato, kjørestrækning, oppdragsgjevar, telefonnummer til oppdragsgjevar og om mulig signatur frå oppdragsgjevar.

Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå den tid den er offentleggjort i Norsk Lovtidend

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at ny forskrift får følgjande ordlyd:

Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Vestre Slidre kommune,

Fastsett av Vestre Slidre kommunestyre, xx.xx.2015 med heimel i lov av 10 juni 1977 nr 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 og § 50g forskrift av 15 mai 1988 nr 365 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Verkeområde

Forskrifta utfyller ovafor nemnde lov om motorferdsel i utmark og nasjonal forskrift og regulerer ikkje føremål som er nemnt i motorferdselslova § 4 fyrste ledd og nasjonal forskrift § 2 fyrste ledd.

Føresegner for motorfartøy og luftfartøy

Bruk av motorfartøy (båtar) i medhald av motorferdselslova §4 tredje ledd.

Ferdsl på innsjø større eller lik 2 km².

- a) På Storfjorden, Midtre Syndin og Sørre Syndin er det tillate med motorstyrke på inntil 10 hk.
- b) På Slidrefjorden er det ikkje øvre grense for motorstyrke.
- c) For Strandefjorden sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Nord Aurdal kommune.
- d) For Nørre Syndin sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Vang kommune
- e) For Heggefjorden og Øyangen sin del i Vestre Slidre gjeld reglane for Øystre Slidre kommune

På vatn eller elvestrekning mindre enn 2 km² er ferdsl med motorfartøy ikkje tillate, sjølv om desse inngår som del av farbart vassdrag. Motorfartøy omfattar både forbrenningsmotor og elektrisk motor.

Bruk av luftfartøy:

Start og landing med luftfartøy er tillate på Storfjorden og Slidrefjorden og den del av Øyangen og Strandefjorden som ligg i Vestre Slidre.

Føresegner for bruk av motorkjøretøy på vinterføre

Generelt

Transportbehov skal primært dekkast ved leigekjøring. Løyve tildelast innanbygdsbuande som helst kombinerer slik transport som er direkte heimla i lov eller forskrift.

Løyve for leigekjøring tildelast for ei periode på 4 år, og kjøring skal skje etter nærare fastsette vilkår. Ved brot på fastsette vilkår kan løyvet inndragast.

Føresegn for kjøring i medhald av nasjonal forskrift § 3 andre ledd.

- a) Generelt skal all kjøring heimla i nasjonal forskrift § 3 skje etter transportløype for snøskuter i kvar tid gjeldande løypeplan. Når transportløype for snøskuter ikkje kan brukast, kan kjøring skje etter trasé for sumarveg eller langs skiløype. Kjøring skal om mogleg foregå på kvardag.
- b) Kjøring med heimel i nasjonal forskrift § 3 bokstav e skal foregå etter kvar tid gjeldande løypeplan for kommunen.
- c) Vintersesongen reknast fram til 1. mai. Kjøring etter den tid er forbode. Dei som er tildelt løyve for motorisert ferdsl i utmark skal levere kjørebok til kommunen innan 15. mai kvart år. Kjørebok skal førast fortløpande og skal kunne framvisast ved kontroll. Kjørebok skal som minimum innehalde opplysningar om dato, kjørestrækning, oppdragsgjevar, telefonnummer til oppdragsgjevar og om mulig signatur frå oppdragsgjevar.

Iverksettning

Denne forskrifta gjeld frå den tid den er offentleggjort i Norsk Lovtidend

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune